

Det nærmar seg sommar

Det går mot sommarferie, og siste kommunestyremøtet før ferien har alltid mange saker. Denne gongen er det nesten 50 saker, men halvparten er alkoholpolitiske retningslinjer for 4 årsperioden til juli 2012 og dei einskilde skjenkesakene for same tidsrom.

Det er den fyrste – Alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2008 -2012 - som legg vilkåra for alkoholpolitikken vår i denne perioden.

Tilrådinga frå hovudutval før Livsløp er at skjenketida blir korta inn med ein halv time til kl 01.30. Det er kommunestyret som gjer det endelege vedtaket.

Inntektsnedgang og renteauke

Det har vore mykje arbeid med budsjettjusteringar dette året.

Hemsedal sine inntekter har gått ned dei siste åra, samstundes som renteutgiftene har auka.

Det er summen av skatteinntekter og rammeoverføring frå Staten som er ca 17% redusert. Dette utgjer minst 10 millionar kroner for oss, og for å kunne behalde tenestenivået vårt trengs det nye inntekter, samstundes som ein sparar det som er mogeleg på drifta elles. I budsjettsaka er det kutta 3,5 millionar fordelt på fleire etatar.

Lønsoppgjeret i vår vart ca 1 mill. dyrare enn det som var lagt inn i budsjettet. Det er derfor tilført 5,7 mill i ekstra utbytte frå Hemsedal Energi i 2008.

Då går budsjettet i balanse.

Stort inntektspotensiale med 53 Gwh

Korleis me skal forvalte andels- og konsesjonskrafta vår, er ei viktig sak på dette møtet. Det er eit stort inntektspotensial i denne ressursen, inntekter som kommunen må ha inn i framtidig budsjett.

Kommunen har ca 53 Gwh årleg til ein verdi på ca 25 millionar, og korleis me kan forvalte denne krafta har det vore arbeidd mykje med dei siste månadane. Den saka som blir lagt fram i kommunestyret no er ei førebels vurdering, for å avklare kva som skal jobbast grundigare med før ein gjer endeleg vedtak.

Framlegget er at det skal vurderast 2 hovudalternativ.

Det eine er at Hemsedal Energi omset krafta som no, men med endra vedtekter slik at prisen ut til kundane blir til markedspris.

Det andre alternativet er at Ustekveikja A/S forvaltar (kjøper) denne krafta, og overtek kundane her i Hemsedal. Hemsedal Energi vil då bli eit reint nettselskap.

I begge tilfelle må kundane i Hemsedal rekne med straumpris som er meir lik det som blir markedsprisen framover. Heile saka finn de på heimesida til kommunen, eller i saksdokumenta til kommunestyret.

Eg vil ynskje dykk alle ein god sommar!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar